

**KONTROLLUTVALET I
MIDSUND KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 27. januar 2011, kl. 14.30

Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Helge Løken

Elles til stades:

Rolf Heggdal

= 2 voterande

Rita M. Ræstad hadde meldt forfall

Frå Midsund kommune møte:

Konstituert rådmann Ann-Heidi Orvik og økonomisjef Anne Oterhals

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 01/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 23. APRIL 2010

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte den 23. april 2010 blir godkjent.

SAK 02/11

SELSKAPSKONTROLL RIR IKS

Saksutgreiing/ innstilling datert 19.01.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Midsund kommunestyre sluttar seg til prosjektet som gjeld selskapskontroll (forvaltningsrevisjon) om sjølvkost og eigarskapskontroll innan renovasjonsområdet for Midsund kommune.

**SAK 03/11
ØKONOMIRAPPORT 2. TERTIAL 2010**

Saksdokument datert 19.01.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapporten til orientering
2. På bakgrunn av orienteringa vil kontrollutvalet, dersom opplysningar i snart avlagt årsrekneskap tilseier det, be rådmannen om ei utgreiing om årsaka til overskridingane av budsjetterte løyvingar for behandling i neste møte.

**SAK 04/11
VURDERING AV UAVHENGIGHEIT**

Saksdokument datert 19.01.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Helge Løken
leiar
(sign.)

Rolf Heggdal
medlem
(sign.)